



Rune Lekven Skår
Ådlandsvegen 905
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/142 - 21/10304

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2021

Svar på spørsmål om oppattbygging av våningshus på GBNR 11/2

Me har gjort ei førebels vurdering av spørsmåla du har stilt om det vil vera mogleg å byggja opp att våningshuset på dei gamle grunnane.

GBNR 11/2 er ein liten landbrukseigedom. Landbruksavdelinga syns det vil vera positivt at det vert både busetjing og ny drift med frukt/bær og sau på eigedomen.

Det er som du kanskje veit omsynet til drifta som bestemmer om du kan byggja nytt våningshus utan å søkja dispensasjon. Praxis i Alver har vore at eigedomar som er i drift og mottek produksjonstilskot vert rekna som aktive landbrukseigedomar og nødvendige byggetiltak for landbruksdrifta vil vera i tråd med LNF (landbruk-, natur og friluftsliv). Din eigedom er ikkje i drift og det må difor gjerast ei konkret vurdering.

I utgangspunktet er det praksis at alle landbrukseigedomar har eit våningshus og etter landbruksavdelinga si meining skal det i utgangspunktet ikkje vera naudsynt med dispensasjon.

Våningshus, kårbolig inngår i landbruksbegrepet (LNF) hvis bygningen er nødvendig av hensyn til driften av garden. Det viktige spørsmålet er om denne garden som har vore ute av drift så lenge kan koma inn under dette, og om den drifta som er forespeila er av næringsmessig karakter eller rein hobby. Ei førebels vurdering frå plan- og byggesak er at: det vil være nødvendig å søke dispensasjon frå LNF-formålet. I tillegg må dei søkja til Fylkeskommunen om utvidet bruk av avkjørsel. Dersom det er privat avløpshåndtering her må de søke om utsleppsløyve og etablering av minireseanlegg.

Det verkar i utgangspunktet ikkje å vera store hindringar som tilsei at det ikkje kan få lov å byggja her, men det kan vera lurt å tinga ein førehandskonferanse med kommunen før det eventuelt sender byggesøknad. Då må ein ta endeleg stilling til om det i tillegg til byggesøknad må søkja om dispensasjon.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Lekven Skår

Ådlandsvegen 905

5919

FREKHAUG